

Kommunane i Sogn og Fjordane

Opplæringstilbod til nykomne flyktningar og asylsøkjjarar

Fylkesdirektøren for opplæring har blitt kontakta av fleire kommunar med spørsmål om opplæringstilbod for unge i alderen 16-20 år som nettopp er komne til Noreg.

Vi viser til informasjonen som vart gitt på møtet i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane tidlegare i denne veka.

I dette brevet ønskjer fylkesdirektøren både å informere om rettar og plikter for opplæring til denne aldersgruppa, og å kome i dialog med kommunane om korleis vi i fellesskap kan tilby gode tenester. Målet må vere å sikre både mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar ei god opplæring og god integrering.

I brevet er det teke utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sin rettleiar ["Innføringstilbud for nyankomne minoritetsspråklige elever"](#) og ["Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring"](#) sine rettleiingar.

Målgruppe for opplæringa

Fylkesdirektøren tek utgangspunkt i elevar med rett til opplæring, opplæringslova § 2-1 og § 3-1. Plikta til grunnskuleopplæring er uavhengig av om barnet er i landet ulovleg. Det er tilstrekkeleg at barnet/den unge har opphaldsstad i Noreg. Retten til opplæring gjeld frå det tidspunktet der det er sannsynleg at barnet/den unge skal opphalde seg i Noreg i lengre tid enn tre månader. Dersom det er sannsynleg at det vil verte gitt opphaldsløyve, eller at det vil ta lenger tid enn tre månader å få svar på søknaden, har asylsøkande barn og unge rett til opplæring etter dei same reglane som andre barn og unge.

I Opplæringslova §3-1 siste ledd står det

«Det er eit vilkår for rett til vidaregåande opplæring at søkjaren har lovleg opphald i landet. Ungdom som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, har likevel berre rett til vidaregåande opplæring etter denne paragrafen når dei er under 18 år og det er sannsynleg at dei skal vere i Noreg i meir enn tre månader. Dei som oppheld seg lovleg i landet i påvente av å få avgjort søknad om opphaldsløyve, og som fyller 18 år i løpet av eit skoleår, har rett til å fullføre påbegynt skoleår. For dei som får avslag på søknaden om opphaldsløyve, gjeld retten til vidaregåande opplæring etter denne paragrafen fram til dato for endeleg vedtak.»

I denne gruppa vil det vere både flyktningar som er busette i kommunane og mindreårige asylsøkjjarar i mottak.

Informasjon og kartlegging

Kommunane har kartleggings- og informasjonsplikt for mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar som nettopp er komne til landet. I lys av at ungdomane har rett til å starte med opplæring seinast tre månader etter at dei er busette eller er i mottak, må kartlegginga og informasjonen vere rett og skje fortløpande.

For å kunne gje målgruppa eit raskt, rett og kvalitativt opplæringstilbod er fylkeskommunen heilt avhengig av god dialog og godt samarbeid med kommunane. Vi ber difor om at kommunane informerer målgruppa om rettar og plikter til opplæring så tidleg som mogeleg, med spesiell vekt på kva som krevst for inntak til vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen vil sjølvsagt bidra med informasjon.

Uavhengig av retten til vidaregåande opplæring er det fylkesdirektøren si erfaring at desse elevane ikkje vil klare å fullføre vidaregåande opplæring utan meir opplæring (særleg engelsk) og norskkunnskapar. Det finst mykje kunnskap om både konsekvensane for den enkelte og for samfunnet av å ikkje fullføre vidaregåande opplæring.

Med bakgrunn i desse erfaringane ønskjer fylkeskommunen å samarbeide med kommunane om å etablere gode innføringstilbod til målgruppa. Ved at kommunane så tidleg som råd rettleiar elevane til å nytte desse tilboda, ønskjer ein å bidra til at så mange som mogleg får fullført vidaregåande opplæring seinare.

Utdanningsdirektoratet presiserer dette slik:

Det er viktig at kommunene og fylkeskommunene gir nyankomne barn/unge og deres foreldre god informasjon om muligheten til å velge mellom et innføringstilbud og et ordinært tilbud, forutsatt at kommunen eller fylkeskommunen tilbyr et innføringstilbud. De må også informere om mulige konsekvenser ved å velge det ene tilbudet fremfor det andre ([Rettleiar: Innføringstilbud til nyankomne minoritetsspråklige elever, s. 7](#)).

Kommunane må informere ungdomar som *kan* ha rett til vidaregåande opplæring om dei ulike ordningane der dei *kan* dokumentere rett til inntak. Krav til inntak til vg1 går fram av forskrift til opplæringslova, § 6-13. Fylkesdirektøren kommenterer under kvart krav erfaringane våre med desse.

Vilkår for inntak til vidaregåande opplæring til utdanningsprogram på vg1 er at søkjarane.....

- a) er skriven ut av grunnskulen etter opplæringslova §2-1 fjerde ledd.

Kommentar: Dette kan omfatte elevar med kort tid i grunnskulen og avgrensa norskkunnskapar. Desse elevane vil ha svake faglege føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring etter ordinært inntak til vg1. Søkjarane vil ikkje ha karakterpoeng som grunnlag for inntak til vidaregåande opplæring.

- b) har gjennomgått allmenn grunnopplæring i utlandet i minst 9 år.

Kommentar: Dette stiller krav til dokumentasjon om gjennomgått grunnopplæring i heimlandet. Fylkesdirektøren si erfaring er at mange i denne målgruppa ikkje har slik dokumentasjon. Manglande norskkunnskapar gjer likevel at av dei som har dokumentasjon vil mange ha dårlege føresetnader for å fullføre vidaregåande opplæring etter ordinært inntak til vg1.

- c) har tilsvarande realkompetanse som fullført norsk grunnskuleopplæring for vaksne etter opplæringslova §4A-1 og denne forskrifta §4-33.

Kommentar: Etter fylkesdirektøren sin kjennskap har kommunane lita røynsle med realkompetansevurdering. Fylkeskommunen vil saman med fylkesmannen bidra med opplæring i realkompetansevurdering. Det er eit krav at realkompetansevurderinga skal gå føre seg på norsk eller samisk. Truleg vil få kunne nytte seg av denne dokumentasjonsordninga. Dei som vert realkompetansevurdert vil få karakteren «Godkjent» og ikkje ha karakterpoeng som grunnlag for inntak til vidaregåande opplæring.

Ungdom som har rett til inntak til vidaregåande opplæring har rett til inntak til eitt av tre søkte utdanningsprogram. Retten knyter seg ikkje til bestemt skule. Fordelinga av søkjarane i inntaket skjer etter karakterpoeng. Dette betyr at søkjarar til vidaregåande opplæring etter punkta a, b, c ovanfor, ofte vil vere dei siste som får inntak. For mange vil dette bety at dei får tilbod om skuleplass i ein annan kommune/region enn der dei er busette/i mottak. Det er viktig at ungdomane er godt informerte om kva rettar dei har, og kva konsekvensane av å nytte desse rettane er.

Alternativet for desse elevane kan vere inntak i eit innføringstilbod, anten tilbydd av kommunen eller fylkeskommunen, for å leggje eit fagleg og språkleg grunnlag for å søkje vg1 seinare.

Utdanning/opplæring har ulik betyding i ulike kulturar. Fylkesdirektøren har mellom anna erfart at:

- for nokre vert lønna arbeid verdsett høgare enn å fullføre vidaregåande opplæring
- i nokre kulturar er det mindre vanleg å ta eigne val med omsyn til opplæring
- ein er ambisiøse med omsyn til utdanninga ein skal fullføre utover vidaregåande opplæring, noko som gjer at ein ikkje tek seg tid til å tileigne seg nødvendige føresetnader for vidare utdanning
- ein har ikkje god nok kjennskap til konsekvensane for vidare utdannings- og arbeidsdeltaking av å ikkje fullføre vidaregåande opplæring .

Konsekvensane av dette er at informasjonsarbeidet kan vere krevjande. Fylkeskommunen ønskjer fortløpande dialog om korleis både kommunane og fylkeskommunen kan betre informasjonsarbeidet.

Fylkeskommunen får først oversikt over elevar som kan ha rett til vidaregåande opplæring når dette vert meldt frå den einskilde kommune. UDI/mottaka har ei informasjonsplikt mot vertskommunen, ikkje mot fylkeskommunen. Fylkeskommunen vil difor utarbeide ein rutine for innmelding av elevar som kan ha rett til vidaregåande opplæring. Innmeldinga bør skje så tidleg som mogleg for å kunne planlegge gode opplæringstilbod.

I første omgang ber vi om ein status på området, og vi vil tidleg på nyåret sende ut eit skjema som vi ber kommunane svare på og returnere.

Innføringstilbod

Kommunar og fylkeskommunar kan tilby eit innføringstilbod til barn og unge som nettopp er komne til landet, jf. opplæringslova §§ 2-8 femte ledd og 3-12 femte ledd. Opplæringa kan vere organisert i eigne grupper, klassar eller skular. Formålet med innføringstilbodet er å lære norsk så raskt som mogleg, slik at dei etter kvart kan følgje den ordinære opplæringa. Opplæringa i særskilt organiserte tilbod kan vare i inntil to år. Det er frivillig å gå i eit innføringstilbod.

Kommunane/fylkeskommunen må difor ha samtykke frå eleven/føresette. Dei som takkar nei til eit innføringstilbod har rett til å gå i eit ordinært tilbod etter opplæringslova § 8-2.

Fylkeskommunen har erfaring med innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar. Desse tilboda har fylkeskommunen tilbydd som eit 0-år i vidaregåande opplæring. Elevane har ikkje brukt av retten til vidaregåande opplæring, og dei har som regel ikkje fått dokumentert formell kompetanse etter opplæringa. Dei har likevel hatt inntaksgrunnlag til vidaregåande opplæring, men med manglande norskkunnskapar. I tillegg har fylkeskommunen tilbydd eit innføringstilbod saman med Flora kommune (eksamensretta grunnskulefag - EGF-tilbod). Dette tilbodet er ulikt dei andre innføringstilboda, då elevane har fått grunnskuleeksamen.

Fleire prosjekt, både i Flora kommune og i andre fylke, viser at fleksible ordningar der kommune og fylkeskommune samarbeider, aukar sannsynet for at elevane gjennomfører vidaregåande opplæring. Østbergutvalet, oppnemnt av Kunnskapsdepartementet for å vurdere opplæringstilbod til minoritetsspråklige barn, unge og vaksne, slo i rapporten Flerspråklige er en ressurs (2010) fast at mange vil trenge grunnskuleopplæring sjølv om dei er eldre enn 16 år.

“Man står overfor et dilemma når det gjelder elever som kommer sent i skoleløpet. Når elever kommer til Norge i løpet av de to siste årene på ungdomsskolen og har lite skolegang fra før, vil det ofte være vanskelig å delta i ordinær opplæring og seinere gjennomføre videregående opplæring. Det er ingen tvil om at mange nyankomne elever har behov for grunnskuleopplæring etter opplæringsloven § 4A-1. Noen elever vil ha behov for mer enn ett år med innføringsklasse før de går videre til videregående opplæring hvis de kommer sent på ungdomstrinnet med lite skolebakgrunn.” (s.183-184).

Opplæringslova §3-1, tredje ledd, seier:

«Heile retten må normalt takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem år, eller seks år når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift, og innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år.»

For at ungdommen skal ha tid til å gjennomføre før dei fyller 24 år, må dei seinast starte vidaregåande opplæring det året dei fyller 20.

Det er tre grupper i alderen 16-24 år som kan vere aktuelle elevar i innføringstilboda:

- a) Elevar med kort tid i grunnopplæringa i Noreg
- b) Minoritetsspråkelege med rett til inntak til vg1 (jf. omtale ovanfor - forskrift til opplæringslova § 6-13) med manglande norskkunnskapar
- c) Minoritetsspråkelege utan rett til vidaregåande opplæring men med rett til grunnskuleopplæring for vaksne, §§ 4A-1 og 4A-2.

Fylkeskommunen har ansvaret for opplæring for gruppe a) og b), kommunane for gruppe c).

Minoritetsspråkelege barn, unge og vaksne er ei ueinsarta gruppe. Dei har ulik bakgrunn i mellom anna språk, nasjonalitet, kultur og skulegang. Dei fleste vil i eit integreringsperspektiv ha utbytte av å få opplæring i eit miljø med andre i same alder.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt framlegg til modell for innføringstilbod kan kort presenterast slik:

Steg 1: Norskopplæring i innføringstilbod frå kommunen.

Dette er eit tilbod om norskopplæring, uavhengig av om ein har rett til vidaregåande opplæring eller ikkje etter opplæringslova § 3-1. Dette bør vere tilbod med fortløpande opptak, slik at retten til opplæring innan tre månader vert oppfylt. Føremålet er at elevane skal tileigne seg norskkunnskapar nok til å kunne nyttiggjere seg av ordinær grunnskuleopplæring. Når eleven har norskkunnskapar på nivå B1 i det felles europeiske rammeverket for språk (jf. m.a. læreplan for innføringsgrupper) har eleven eit grunnlag for å starte på neste nivå i innføringstilbodet. Som fylgje av dette vil det vere ulikt kor lenge elevane har behov for denne første opplæringa.

Ansvaret for dei aller fleste av ungdomane i dette tilbodet vil liggje til kommunane. Tilbodet vert finansiert gjennom Kap. 225 post 64 Tilskudd til opplæring til barn og unge som søker opphold i Norge og gjennom rammetilskotet/integreringstilskotet. Ut frå lokale føresetnader kan fylkeskommunen leige ut kompetanse/lærarar, lokale m.m. på førespurnad frå den enkelte kommune.

Steg 2: Opplæringstilbod for minoritetsspråkelege der ein tek grunnskuleeksamen

Dette er tenkt som eit tilbod til ungdomar i aldersgruppa 16-20 år, uavhengig av om dei har rett til vidaregåande opplæring eller ikkje, med unntak av dei som har fullført vidaregåande opplæring i heimlandet. Elevane tek grunnskuleeksamen, og får rett til inntak til vidaregåande opplæring med karakterpoeng. Elevane vil då kunne konkurrere om skuleplass på lik line med alle andre. Dette vil for dei fleste vere det beste alternativet, også for dei som kan krevje inntak til vidaregåande opplæring gjennom dokumentasjon frå utlandet eller realkompetansevurdering.

Tilbodet vil vere etter modell frå Flora kommune og Thor Heyerdal vidaregåande skule i Larvik. Elevane får t.d. opplæring i 10 t. norsk, 6 t. engelsk, 4 t. matematikk, 3 t. naturfag og 4 t. samfunnsfag/KRLE i veka. I tillegg skal dei ha kroppsøving, yrkesorientering og hospitering både på ein vidaregåande skule og i arbeidslivet.

Eit slikt tilbod vil krevje samhandling på tvers av forvaltningsnivå. I Flora har ein mellom anna nytta norsklærarar frå innvandrarsenteret og lærarar i engelsk, naturfag og matematikk frå den vidaregåande skulen. Fleire prosjekt har vist at det for denne aldersgruppa har stor verdi både for integreringa og norskkunnskapane å ha opplæringa i tilknytning til ein vidaregåande skule/saman med ungdomar på same alder.

Fylkeskommunen ønskjer ein dialog med kommunane om korleis eit slikt tilbod kan organiserast og om kva finansiering som kan liggje til grunn for eit slikt tilbod. Kommunar som ønskjer

Inntak til dette tilbodet kan skje to gonger i året; august og januar. Grunnskuleeksamen vert avhalden berre i vårsemesteret (mai-juni). Konsekvensane av ei slik inntaksorganisering er at elevane som startar i august truleg vil vere klare for eksamen neste vår. For dei fleste elevane som startar i januar vil det truleg ikkje vere aktuelt å avslutte grunnskuleopplæringa før etter 1 ½ år.

Lenkene nedanfor gir utfyllande informasjon. Dersom de har spørsmål kan Siri Merete Nedland kontaktast på telefon eller e-post.

<http://www.udir.no/Spesielt-for/Minoritetsspraklige-elever/regelverk/skole-og-opplaring/16-24-ar/>
<http://www.udir.no/Regelverk/Finn-regelverk-for-opplaring/Finn-regelverk-etter-tema/Voksne/Retningslinjer-for-realkompetansevurdering-i-grunnskoleopplaringen/>
http://www.udir.no/Upload/Brosjyrer/5/veileder_regelverk_sprakmin.pdf?epslanguage=no
<http://www.udir.no/Regelverk/Tilskudd/Alle-tilskuddsordninger/Skoleiere/grunnopplaering-asyilmottak/>
http://www.udir.no/globalassets/upload/lov_regelverk/veiledere/veileder_innforingstilbud_020712.pdf
<http://www.udir.no/Regelverk/Finn-regelverk-for-opplaring/Finn-regelverk-etter-tema/Minoritetsspraklige/Veileder-Innforingstilbud-til-nyankomne-minoritetsspraklige-elever/>

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser fram til eit konstruktivt samarbeid, og nyttar høvet til å ønskje alle ei god jul.

Med helsing

Tor-Einar Holvik Skinlo
Assisterande fylkesdirektør

Siri Merete Nedland
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Kommunane i Sogn og Fjordane

Kopi til:
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER
Dei vidaregåande skulane